



VINJE KOMMUNE

MØTEBOK

Utval	Stad	Dato	Kl.
Plan- og miljøutvalet	Formannskapssalen	19.06.2019	10:30

Desse representantane møtte

Namn	Repr	Vara for
Tone Edland	SP	
Liv Sigrun Nykos Midtun	SP	
Ingerid Hayes	SV	
Alf Seltveit	AP	
Stine Johanna Haugen	AP	
Gunnar Haugo	SP	Ove Kringlegarden
Hasse Samahle	SV	Arne Skogheim

Saker til handsaming	19/72 - 19/89
-----------------------------	----------------------

Merknader

Møtet starta med ei synfaring på Rauland kl. 09.00. Synfaringa gjaldt sakene 19/78 og 19/79.

Andre som møtte

Namn	Stilling
Jan Myrekrok	Rådmann
Lotte Næss	Arealplanleggjar
Dorthe Huitfeldt	Rådgevar
Gry Åsne Aksvik	Plan- og økonomisjef
Kjell Christenson	Konsulent
Silje Hagen	Barnerepresentant
Thor Christiansen	Næringsrådgevar
Tove Bringsvær	Byggjesakshandsamar
Øyvind Tjøstheim	Arealplanleggjar
Ida Reinsviki	Arealplanleggjar
Camilla Kallevik	Næringsrådgevar
Sigrid Breiseth	Byggjesakshandsamar

Tone Edland
leiar

Reidun Lofthus
administrasjonssekretær

PS 19/72 Referat og meldingar

- RS 19/402 Møtebok frå førre møte
- RS 19/403 Løyve til tiltak - PBL § 20-3
- RS 19/404 Igangsettingsløyve
- RS 19/405 Løyve til tiltak - PBL § 20-3
- RS 19/406 153/807 Holtardalen - PBL § 20-3 Igangsettingsløyve
- RS 19/407 153/806 Holtardalen - PBL § 20-3 Igangsettingsløyve
- RS 19/408 153/805 Holtardalen - PBL § 20-3 Igangsettingsløyve
- RS 19/409 153/797 Holtardalen - PBL § 20-3 Igangsettingsløyve
- RS 19/410 153/795 Holtardalen - PBL § 20-3 Igangsettingsløyve
- RS 19/411 153/694 Holtardalen - PBL § 20-3 Igangsettingsløyve
- RS 19/412 153/802 Holtardalen - PBL § 20-3 Igangsettingsløyve
- RS 19/413 153/804 Holtardalen - PBL § 20-3 Igangsettingsløyve
- RS 19/414 153/796 Holtardalen - PBL § 20-3 Igangsettingsløyve
- RS 19/415 100/155 - Botn Aust - Løyve til tiltak § 20-3 - fritidsbustad
- RS 19/416 100/1 - tomt 48 - Botn Aust - Løyve til tiltak § 20-3 - fritidsbustad
- RS 19/417 99/881 Listøyl Vest - Løyve til tiltak - PBL § 20-3 fritidsbustad
- RS 19/418 50/11 Kostveit-Sudbø - Løyve til tiltak - PBL § 20-3 fritidsbustad
- RS 19/419 138/29 Kråmvikvegen - Løyve til tiltak - PBL § 20-4 tilbygg
- RS 19/420 153/689 Holtardalen - Løyve til tiltak - PBL § 20-3 fritidsbustad
- RS 19/421 88/9 Edland - Løyve til tiltak - PBL § 20-4 reiskapshus
- RS 19/422 151/722 Vierli F12 - Løyve til tiltak - PBL § 20-3 fritidsbustad
- RS 19/423 100/144 - Botn aust - Løyve til tiltak § 20-3 - fritidsbustad
- RS 19/424 162/3 - Skindalen - Løyve til tiltak § 20-4 - oppføring av jaktbu
- RS 19/425 21/1 - Mannås - Løyve til tiltak § 20-4 - oppføring av støylsbu
- RS 19/426 75/7 - Grungedal - Løyve til utslepp frå bustad
- RS 19/427 99/739 - Vågslid - Avslag på søknad etter PBL § 20-3 - underjordisk garasje
- RS 19/428 Vedtak i klagesak - Dispensasjon - Støylar/bygningar - gnr/bnr - 93/1 - Vinje kommune
- RS 19/429 152/133/0/4: Søknad om dispensasjon for bruksendring
- RS 19/430 152/133/0/19: Søknad om dispensasjon for bruksendring

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 19.06.2019:

Plan- og miljøutvalet har merka seg aktiviteten på Mountain Camp i Arabygdi. Det ser ut til at drifta ikkje er i tråd med vedtaket som blei gjort av utvalet. Utvalet ber administrasjonens sjå på saka.

Framlagde referat og meldingar blei teke til etterretning.

PS 19/73 Søknad om konsesjon og fritak frå buplikt på bustadhus - gnr. 35/173

Rådmannens framlegg til vedtak:

Plan – og miljøutvalet gjev Mirai AS – i medhald av konsesjonsloven §§ 10 og 11 – konsesjon på erverv av festeretten på gnr. 35/173 som omsøkt. Det er eit vilkår at eigar ikkje gjer bruksendring i strid med gjeldande planer i området.

Rådmannen, 11.06.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 19.06.2019:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Plan – og miljøutvalet gjev Mirai AS – i medhald av konsesjonsloven §§ 10 og 11 – konsesjon på erverv av festeretten på gnr. 35/173 som omsøkt. Det er eit vilkår at eigar ikkje gjer bruksendring i strid med gjeldande planer i området.

PS 19/74 Søknad om deling av landbrukseigedom - Paradis gnr.10/1 m.fl. i Vinje og Tokke

Rådmannens framlegg til vedtak:

**Plan- og miljøutvalet gjev Sigrun Mjaugedal – i tråd med jordlova § 12,3 ledd – løyve til å dele i frå gnr. 10/1 i Vinje i frå driftseininga elles. Det er eit vilkår at dette arealet skal seljast til eigar av gnr. 12/1 Sandok i Vinje.
Det blir og gjeve løyve til å dele tunet med 3 daa i frå eigedomen Paradis gnr. 10/1 i Vinje som omsøkt.**

Rådmannen, 11.06.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 19.06.2019:

Framlegg frå Sp v. Tone Edland:

Plan- og miljøutvalet gjev ikkje Sigrun Mjaugedal løyve til å dele i frå gnr. 10/1 i Vinje i frå driftseininga elles.

Det blir heller ikkje gjeve løyve til å dele tunet med 3 daa i frå eigedomen Paradis gnr. 10/1 i Vinje som omsøkt.

Framlegget frå Edland blei vedteke med 5 mot 2 røyster.

Plan- og miljøutvalet gjev ikkje Sigrun Mjaugedal løyve til å dele i frå gnr. 10/1 i Vinje i frå driftseininga elles.
Det blir heller ikkje gjevne løyve til å dele tunet med 3 daa i frå eigedomen Paradis gnr. 10/1 i Vinje som omsøkt.

PS 19/75 Søknad om konsesjon - buplikt på gnr. 153/1 i Vinje

Rådmannens framlegg til vedtak:

Plan – og miljøutvalet gjev Øystein Olav Mo – i medhald av konsesjonsloven § 9 – konsesjon på erverv av gnr. 153/1 i Vinje. Etter konsesjonsloven § 11 blir det sett vilkår om at søker tar eigedomen som sin reelle bustad innan 1.7. 2022, og er registrert busett der i tråd med folkeregisterloven i minst fem år.

Rådmannen, 11.06.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 19.06.2019:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Plan – og miljøutvalet gjev Øystein Olav Mo – i medhald av konsesjonsloven § 9 – konsesjon på erverv av gnr. 153/1 i Vinje. Etter konsesjonsloven § 11 blir det sett vilkår om at søker tar eigedomen som sin reelle bustad innan 1.7. 2022, og er registrert busett der i tråd med folkeregisterloven i minst fem år.

PS 19/76 Søknad om konsesjon ved overtaking av bustadhus gnr. 93/63 i Vinje

Rådmannens framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet gjev Cornelia C. Margit Solheim Bredesen og Nicoline Solheim Bredesen – i medhald av konsesjonsloven § 10 – konsesjon på erverv av kvar sin 1/5 andel av gnr. 93/63 i Vinje som omsøkt.

Rådmannen, 11.06.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 19.06.2019:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Plan- og miljøutvalet gjev Cornelia C. Margit Solheim Bredesen og Nicoline Solheim Bredesen – i medhald av konsesjonsloven § 10 – konsesjon på erverv av kvar sin 1/5 andel av gnr. 93/63 i Vinje som omsøkt.

PS 19/77 Endring av forskrift for løypenett for snoskuter - om utviding av raudt løypenett

Rådmannens framlegg til vedtak:

Forslag til endring av løypenett blir vedteke slik det kjem fram i vedlegg 1, med atterhald om Statens vegvesen godkjenner kryssing av vegar. Endringane blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i samsvar med §37 i forvaltningslova.

Rådmannen, 11.06.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 19.06.2019:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Forslag til endring av løypenett blir vedteke slik det kjem fram i vedlegg 1, med atterhald om Statens vegvesen godkjenner kryssing av vegar. Endringane blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i samsvar med §37 i forvaltningslova.

PS 19/78 150/620, 621 - Tov Svalastog - Søknad om deling av to tomter i Holtardalen

Rådmannens framlegg til vedtak:

I medhald av pbl § 12 – 4 vert det gjeve avslag på søknad om deling av tomt 150/620, 621.

Rådmannen, 09.04.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 24.04.2019:

Framlegg frå Ap v. Alf Seltveit:

Saka blir utsett til plan- og miljøutvalet har vore på synfaring i området.

Framlegget frå Seltveit blei vedteke med 5 mot 1 røyst.

Saka blir utsett til plan- og miljøutvalet har vore på synfaring i området.

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 19.06.2019:

Framlegg frå Ap v. Alf Seltveit:

I medhald av pbl § 20 – 1 blir det gjeve løyve til deling av tomt 150/620, 621.

Framlegget frå Seltveit blei vedteke med 5 mot 2 røyster.

I medhald av pbl § 20 – 1 blir det gjeve løyve til deling av tomt 150/620, 621.

PS 19/79 151/632 - Klage på plassering av hytte

Rådmannens framlegg til vedtak:

Klage frå Marit Storteig av 03.06.2019 på vedtak i sak 19/110 av 13.05.2019 vert ikkje teke til fylgje.

Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Rådmannen, 07.06.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 19.06.2019:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Klage frå Marit Storteig av 03.06.2019 på vedtak i sak 19/110 av 13.05.2019 vert ikkje teke til fylgje.

Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

PS 19/80 E134 utbetring av vegtrase - dispensasjon frå føremål

Rådmannens framlegg til vedtak:

**I samsvar med plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel § 4 – vedkomande føremål LNF.
Omsøkt område langs vegtraseen vert tillate utnytta til veganlegg.**

Rådmannen, 06.06.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 19.06.2019:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

**I samsvar med plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel § 4 – vedkomande føremål LNF.
Omsøkt område langs vegtraseen vert tillate utnytta til veganlegg.**

PS 19/81 35/173 - Dispensasjon frå BYA og parkeringskrav

Rådmannens framlegg til vedtak:

Rådmannen, 11.06.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 19.06.2019:

Framlegg frå SV v. Ingerid Hayes:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon som omsøkt:

- Auka BYA til 20,4 %
- Parkeringskrav vert sett til 1 plass pr. bueining.
- Det vert tillate med flatt tak over tilbygget i nord samt trappehuset.

Framlegget frå Hayes blei samrøystes vedteke.

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon som omsøkt:

- Auka BYA til 20,4 %
- Parkeringskrav vert sett til 1 plass pr. bueining.
- Det vert tillate med flatt tak over tilbygget i nord samt trappehuset.

PS 19/82 160/49 - Dispensasjon frå omfordeling av BYA

Rådmannens framlegg til vedtak:

I tråd med plb § 19-2 om dispensasjon frå Kommuneplanen sin arealdel §11-11 nr 2 vedkomande maksimal storleik på uthus/bod, vert det gjeve løyve til å bygge anneks på inntil 36 m² BYA.

Rådmannen, 07.06.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 19.06.2019:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

I tråd med plb § 19-2 om dispensasjon frå Kommuneplanen sin arealdel §11-11 nr 2 vedkomande maksimal storleik på uthus/bod, vert det gjeve løyve til å bygge anneks på inntil 36 m² BYA.

PS 19/83 Høyring av Regional plan for Hardangervidda 2019 - 2035

Rådmannens framlegg til vedtak:

1. Vinje kommune sluttar seg til planforslaget med følgjande val av alternativ samt andre merknader og presiseringar.
2. Revidert plankart: Vinje kommune forventar at plankart for Heiplanen vil følgje dei same reglane for teikning ved rullering.
3. Justering av grense for nasjonalt villreinområde: Med atterhald om at nasjonalt villreinområde får same grense som valdgrensa, går Vinje kommune inn for at denne blir justert, men etter ny gjennomgang og eventuell synfaring med grunneigarane.
4. Retningslinene pkt.2.3 om utmarksnæringar i sonene Nasjonalt villreinområde og Fjell og anna utmark: Andre utmarksnæringar som mellom anna omfattar utleige av jakt og fiskeressursar i desse sonene med tilhøyrande driftshusvære, gjev viktige inntekter for grunneigarane og lokalsamfunnet generelt. Frå sentrale styresmakter er det lagt vekt på at utmarksnæringane er eit viktig satsingsområde i tillegg til tradisjonell landbruksdrift. I Vinje har dette lange tradisjonar og det er viktig at det i plansamanheng leggast til rette for eit enklare regelverk slik at denne næringsutøvinga og forvaltninga av ressursgrunnlaget kan halde fram på ei trygg måte. I planutkastet er det difor tilrådd auka bruk av dispensasjonar. Vi vil leggje vekt på at det skal utarbeidast gode retningsliner for vurdering av dispensasjonssaker som skal vedtakast i samarbeid med nabokommunane.
5. Retningslinene pkt. 2.4 om bygging og drift av vegar: Vinje kommune held fast på vurderingane i sak 18/156, Prøveprosjekt om vinteropen fylkesveg 124 over

Imingfjell av 12.12.2018. Kommunen støt tilrådingane i rapportane som konkludera med at vegen bør halde fram med å vere vinterstengd.

6. Retningslinene pkt. 2.9 Gjerder i utmark: Vinje kommune støt alt. B; Gjerder i utmark som kan vere til hinder for villreinens ferdsle, tillatast ikkje.
7. Retningslinene pkt. 3.1 Turisthytter: Vinje kommune støt alternativ A; men med tillegget: Der turisthyttene ligg nær grensa til nasjonalt villreinområde skal ein krevje ei konsekvensutgreiing med tanke på villrein før ein handsamar søknadar om restaurering, nybygg eller auka kapasitet.
8. Handlingsplanen:
Oppfølging av arbeid i prosjekta Villrein og ferdsle jf. 7.2.5, Fokusområder, NVS Notat 6/2018 og jf. pkt. 7.2.7, og Felles sti og løypeplan jf. pkt.7.2.8 er viktige og langsiktige arbeidsoppgåver med mange komplekse problemstillingar.
I slike prosjekt er det svært viktig med god forankring mellom partane som har interesser i desse områda.

Rådmannen, 11.06.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 19.06.2019:

Framlegg frå Sp v. Tone Edland:

Endring av pkt. 5:

Det må opnast for eit 4-årig prøveprosjekt med vinteropen veg for Fv 755/Fv 124

Tessungdalen Imingfjell – Uvdal frå og med 2019/2020.

Fylkeskommunen som vegmyndigheit kan stenge vegen dersom det er rein på Lufsjåtangen eller i nærleiken av vegen, etter faglege vurderingar.

Framlegget frå rådmannens pkt. 1 – 4 og 6 - 8 blei samrøystes vedteke.

Framlegget frå Edland til endring av pkt. 5 fall med 5 mot 2 røyster. Rådmannens framlegg blei vedteke.

1. Vinje kommune sluttar seg til planforslaget med følgjande val av alternativ samt andre merknader og presiseringar.
2. Revidert plankart: Vinje kommune forventar at plankart for Heiplanen vil følgje dei same reglane for teikning ved rullering.
3. Justering av grense for nasjonalt villreinområde: Med atterhald om at nasjonalt villreinområde får same grense som valdgrensa, går Vinje kommune inn for at denne blir justert, men etter ny gjennomgang og eventuell synfaring med grunneigarane.
4. Retningslinene pkt.2.3 om utmarksnæringar i sonene Nasjonalt villreinområde og Fjell og anna utmark: Andre utmarksnæringar som mellom anna omfattar utleige av jakt og fiskeressursar i desse sonene med tilhøyrande driftshusvære, gjev viktige inntekter for grunneigarane og lokalsamfunnet generelt. Frå sentrale styresmakter er det lagt vekt på at utmarksnæringane er eit viktig satsingsområde i tillegg til tradisjonell landbruksdrift. I Vinje har dette lange tradisjonar og det er viktig at det i plansamanheng leggast til rette for eit enklare regelverk slik at denne næringsutøvinga og forvaltninga av ressursgrunnlaget kan halde fram på ei trygg måte. I planutkastet er det difor tilrådd auka bruk av dispensasjonar. Vi vil leggje

vekt på at det skal utarbeidast gode retningsliner for vurdering av dispensasjonssaker som skal vedtakast i samarbeid med nabokommunane.

5. Retningslinene pkt. 2.4 om bygging og drift av vegar: Vinje kommune held fast på vurderingane i sak 18/156, Prøveprosjekt om vinteropen fylkesveg 124 over Imingfjell av 12.12.2018. Kommunen støt tilrådingane i rapportane som konkludera med at vegen bør halde fram med å vere vinterstengd.
6. Retningslinene pkt. 2.9 Gjerder i utmark: Vinje kommune støt alt. B; Gjerder i utmark som kan vere til hinder for villreinens ferdsle, tillatast ikkje.
7. Retningslinene pkt. 3.1 Turisthytter: Vinje kommune støt alternativ A; men med tillegget: Der turisthyttene ligg nær grensa til nasjonalt villreinområde skal ein krevje ei konsekvensutgreiing med tanke på villrein før ein handsamar søknadar om restaurering, nybygg eller auka kapasitet.
8. Handlingsplanen:
Oppfølging av arbeid i prosjekta Villrein og ferdsle jf. 7.2.5, Fokusområder, NVS Notat 6/2018 og jf. pkt. 7.2.7, og Felles sti og løypeplan jf. pkt.7.2.8 er viktige og langsiktige arbeidsoppgåver med mange komplekse problemstillingar.
I slike prosjekt er det svært viktig med god forankring mellom partane som har interesser i desse områda.

PS 19/84 Adressenamn Holtardalen og Vågsli

Rådmannens framlegg til vedtak:

1. Plan –og miljøutvalet vedtek vegnamna i hyttefelt slik tabellen visar.
2. Kommunen syter for oppsetting av vegnamnskilt
3. Kommunestyret har vedteke føresegner om oppsetting og kostnad for husnummerskilt. Kommunen kjøper inn husnummerskilt og sender dette ut til alle husstandar. Kvar huseigar må sjølv setje opp skiltet.

Rådmannen, 06.06.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 19.06.2019:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

1. Plan –og miljøutvalet vedtek vegnamna i hyttefelt slik tabellen visar.
2. Kommunen syter for oppsetting av vegnamnskilt
3. Kommunestyret har vedteke føresegner om oppsetting og kostnad for husnummerskilt. Kommunen kjøper inn husnummerskilt og sender dette ut til alle husstandar. Kvar huseigar må sjølv setje opp skiltet.

PS 19/85 Kommunedelplan Edland - Haukeli - Ny handsaming

Rådmannens framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Rådmannen,07.06.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 19.06.2019:

Plan- og miljøutvalet fann samrøystes Tone Edland (Sp) ugild, jf FVL §6c. Ingen kom inn som vara.

Framlegg frå Ap v. Alf Seltveit:

Massetak i Holldalen blir innarbeidd i kommunedelplanen.

Framlegget til Seltveit fall med 4 mot 2 røyster.

Framlegg frå Sp v. Liv Sigrun N. Midtun:

Med ein avstand på 150 meter langs Bygdevegen, Utgardsvegen og Storegutvegen skal det vere høve til spreidd bustadbygging med inntil ti bustadar til saman. Øvrige bestemningar i planen gjeld.

Framlegget frå Midtun blei samrøystes vedteke.

Vedtaket blei då:

Med ein avstand på 150 meter langs Bygdevegen, Utgardsvegen og Storegutvegen skal det vere høve til spreidd bustadbygging med inntil ti bustadar til saman. Øvrige bestemningar i planen gjeld.

PS 19/86 99/141, 165, 224 og 225 - Søknad om dispensasjon frå reguleringsbestemmelse i reguleringsplan for Vågslid Høgfjellshotell, 99/52

Rådmannens framlegg til vedtak:

- 1. Plan- og miljøutvalet tek ikkje omsyn til klager datert 15.10. og 21.12.18.**
- 2. Betalt gebyr krediterast.**

Rådmannen, 10.06.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 19.06.2019:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

- | |
|---|
| <ol style="list-style-type: none">1. Plan- og miljøutvalet tek ikkje omsyn til klager datert 15.10. og 21.12.18.2. Betalt gebyr krediterast. |
|---|

***PS 19/87 Detaljregulering for Arbuneset, mindre endring.
Flytting av tomt 58.***

Rådmannens framlegg til vedtak:

Detaljregulering for Arbuneset 99/7 vert endra i medhald av pbl § 12-14, 2. ledd, slik det er skissert i vedlegg nummer 5,

Rådmannen, 07.06.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 19.06.2019:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Detaljregulering for Arbuneset 99/7 vert endra i medhald av pbl § 12-14, 2. ledd, slik det er skissert i vedlegg nummer 5.

***PS 19/ 88 99/946 i Vågslid - Søknad om dispensasjon og
bruksendring***

Rådmannens framlegg til vedtak:

Eigedom 99/946 får i medhald pbl. §§19-3 og 20-1 d) innvilga midlertidig dispensasjon og tidsbestemt bruksendring frå reguleringsføremaal utleigehytter i reguleringsplan for Svarttjønnåsen 99/1 til fritidsbustad. Dispensasjon og bruksendring blir gitt i påvente av ein reguleringsprosess i området og gjeld fram til 01.01.2022.
--

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 19.06.2019:

Framlegg frå Sp v. Tone Edland:

Endring i siste setning:

Dispensasjon og bruksendring blir gjeve i påvente av eit regelverk i området og gjeld fram til 01.01.2022.

Framlegget frå rådmannen fyrste avsnitt blei samrøystes vedteke.

Endringsframlegget til Edland blei vedteke med 6 mot 1 røyst.

Eigedom 99/946 får i medhald pbl. §§19-3 og 20-1 d) innvilga midlertidig dispensasjon og tidsbestemt bruksendring frå reguleringsføremaal utleigehytter i reguleringsplan for Svarttjønnåsen 99/1 til fritidsbustad. Dispensasjon og bruksendring blir gjeve i påvente av eit regelverk i området og gjeld fram til 01.01.2022.

PS 19/89 PlanID 20010009 Vinje Kraftverk / Sandnes - mindre endring

Rådmannens framlegg til vedtak:

Detaljregulering PlanID 20010009 for Vinje kraftverk / Sandnes blir endra i medhald av PBL § 12 – 14, 2. ledd.

Rådmannen, 13.06.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 19.06.2019:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Detaljregulering PlanID 20010009 for Vinje kraftverk / Sandnes blir endra i medhald av PBL § 12 – 14, 2. ledd.